

Olje og Energi Departementet
Einar Gerhardsens plass 1
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 01970 - 14	
DATO 18 JAN. 2011	
AN	EKSP.

Att:

Dykkar ref: 10/01381-12 Dykkar dato: 08.12.2010 Vår ref: Arkiv: Sakshandsamar: Dato: Kj.J.Kvamme 12.01.2011

Høringsutsegn til ny "lov om elsertifikater"

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS ønskjer ein endring i forslaget til "lov om elsertifikater" paragraf 8 som gjeld godkjenning av produksjonsanlegg som kvalifiserer til rett til elsertifikater. OED har gjennom lovforslaget satt at produksjonsanlegget må ha hatt byggestart etter 7. september 2009.

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS ønskjer endring av ordlyden i § 8 punkt a) til:

"vere sett i drift etter 7. september 2009."

Ved å endre ordlyden til å innlemme kraftverk som er satt i drift etter 7. september 2009 vil ein få inn eit større startvolum i sertifikat-markedet. Dette vil kunne vere viktig for ein velfungerande marknad da det er sannsynlig at det norske startvolumet blir lite dei første åra. Vidare vil det vere stor mangel på nettkapasitet dei kommande åra som sterkt avgrensar ny produksjon i Noreg. Grunnlagsnotatet vedlagt høringsnotatet legg til grunn at det vil komme inn 2,7 TWh på norsk side i perioden 2012-2013. Vi meiner dette ikkje er realistisk da mange prosjekt vil vente med investeringsvedtak til etter ordninga er på plass, med etterfølgjande byggetid på 18-36 månadar.

Når Sverige etablerte sin sertifikat-marknad i 2003 innlemma dei eksisterande produksjon tilsvarande 7,4% av forbrukt el.energi.


Kjøsnesfjorden Kraftverk blei sett i drift sommaren 2010 og vil kunne bidra med ca. 250 GWh i sertifikatordninga, tilsvarande ca. 35 småkraftprosjekt.

Vi kjenner til at dette også vil gjelde Jøssang- og Dalen Kraftverk i Strand kommune som har ein produksjon på ca. 110GWh. Ved å endre ordlyden vil ein få med tre større kraftverk i overgangsordninga og ein kan auke startvolumet betydeleg frå ca. 750 GWh til ca. 1,1 TWh. Dette vil vere positivt når det ferske elsertifikatmarkedet skal begynne å fungere i 2012.

Elles støttar vi høyringsutsegn frå Energi Norge, spesielt kommentarane til grunnrenteskatt på elsertifikat.

Med helsing

KJØSNESFJORDEN KRAFTVERK AS



Fredrik Behrens
Styrets leiar



Kjell Johnny Kvamme
Prosjektingeniør
Kontor: 57722377
Mobil: 95989033
kjelljohnny.kvamme@sunnfjordenergi.no